


FOLKEMUSIKKARKIVET I TELEMAR



Gullbringvegen 34
3800 Bø i Telemark
Tlf. 35 06 06 86
boe@folkemusikkarkivet.net



Bø, 14. mai. 2008

KKD, Kulturavdelinga
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

Oppfølging av UNESCOs konvensjon om immateriell kulturarv

Folkemusikkarkivet i Telemark vil gje uttrykk for støtte til høyringssvaret frå Stiftinga Rådet for folkemusikk og folkedans.

Sett frå vår synsstad er det svært gledeleg at det nå blir sett fokus på den immaterielle kulturarven. I Noreg er vi den unike situasjon i den vestlege verda at folkemusikken og –dansen er vidareført i levande tradisjon fram til i dag, og ikkje rekonstruert frå daude kjelder. Folkemusikkarkiva i landet forvaltar eit stort og verdfullt materiale frå fortid og samtid som er ein naturleg og viktig del av den immaterielle kulturarven. Arkiva har blitt etablerte og blir drivne under svært varierende vilkår. Vi har derfor lenge sett behovet for ei samordning og styrking av feltet, for å sikre kompetansen og gjere institusjonane i stand til å oppfylle sine mål - å bidra til at denne kulturarven også i framtida vil vere ei levande kulturform.

Vi trur, som Rådet for folkemusikk og folkedans, at ei samordning bør skje på ein enkel og ubyråkratisk måte. Vi trur det er ein god ide å etablere ei referansegruppe til å gå gjennom problemstillingane knytte til implementeringa av konvensjonen. Nettverk finst allereie på fleire av dei aktuelle fagområda, og i desse dagar er også folkemusikkarkiva i ferd med å formalisere eit nettverk seg imellom.

Bevisstgjerung er viktig når det gjeld verdsetting av eigen kulturarv. Vonleg kan oppfølginga av konvensjonen på lengre sikt bidra til auka bevisstgjerung, og dermed auka verdsetting og engasjement for den norske kulturarven.

Med helsing
Folkemusikkarkivet i Telemark


Kari Lønnestad